

## Ny nynorskrettskriving – merknader til innstillinga frå nemnda

Frå: Aksel Torsnes Mehlum, informasjonsrådgjevar ved avdeling for lærarutdanning og internasjonale studium (LUI), Høgskolen i Oslo

Som austlending, språkmann og dagleg nynorskbrukar vil eg gjerne melde meg i debatten kring nokre punkt i innstillinga. Eg steller meg i hovudsak bak fråsegna til avdeling LUI, men vil kommentere desse områda særskilt:

### Nokre av punkta nemnda spesielt bed om synspunkt på

- Berre *-stilling*, ikkje *-stelling*  
Eg skjønner at dette kan gjere det enklare å skrive rett utan å slå opp, men tykkjer likevel argumenta i innstillinga ikkje er særleg overtydande på dette punktet. Både historie og bruk kan peike mot at *-stelling* framleis bør vere eineform i somme ord, t.d. *førestelling* (,tanke').
- Valfri samsvarsbøying i perfektum partisipp av svake verb  
Dette er eg imot. Rett nok kan det vere vanskeleg å lære samsvarsbøyingreglane for ein bokmålsbrukar, men det blir ikkje betre av at reglane ikkje skal gjelde i alle tilfelle. Samsvarsbøying er eit nynorsk særmerke som bør få gjelde, både i svake og sterke verb.
- Berre t.d. *skule* og *mykje* i staden for valfridom *skule/skole* og *mykje/mye*  
Eg kan delvis skjønne argumentasjonen, men kan ikkje støtte framlegget. Dette er former med brei støtte i talemålet. Ikkje minst vil det skape mykje styr for sektoren vår om *skule* blir eineform (dobbeltnamn på alle høgskolane osv.).
- Kløyvd infinitiv ut  
Mange nyttar kløyvd infinitiv, ikkje minst forfattarar og omsetjarar. Å halde på kløyvd infinitiv skulle ikkje gjere skade for nokon, tvert imot.

### Eit anna punkt i innstillinga som ikkje er nemnt i høyringsbrevet

- Ut med valfri *-i/-e* i perfektum partisipp av sterke verb  
Dette kan ialfall støyte (bort) mange austlendingar som har *-i* i talemålet sitt. Eg håpar inderleg at vi kan halde på valfridomen her. Formene er dessutan jamstelte i dag, og det er drastisk å fjerne *-i*.

### Generelt

Nemnda har verkeleg gjort godt arbeid, og eg kan støtte det aller meste i innstillinga. Dei ankepunkta eg har nemnt ovafor, knyter seg i fleire tilfelle til vridinga mot ein meir vestnorsk nynorsk. Dette vere med og støyte bort austlendingar og på sikt gjere nynorsken til eit regionalspråk for Vestlandet. Dette ville vere trist! Eg ønskjer å kjenne meg att i nynorsken etter 2012 òg. Vi treng alle dei nynorskbrukarane vi har, og eg trur ikkje vi har råd til å gjere nynorsken *smalare* – sjølv om norma skal vere *stram*.

Oslo, 25.2.11

Aksel Torsnes Mehlum